



Saksbehandlar: Endre Høgalmen, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/4563-1

Sogn og Fjordane Fondet - val av styrerepresentant frå fylkeskommunen

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Som fylkeskommunen sitt medlem i Sogn og Fjordane Fondet sitt styre vert valt:

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore med å stifte Sogn og Fjordane Fondet as. Fondet er eit pre-såkornfond, og det skal veljast ein representant frå fylkeskommunen til styret. I samsvar med delegeringsreglementet er det hovudutval for næring og kultur som skal peike ut styremedlem. Jan Heggheim er pr no fylkeskommunen sin representant i styret. Han vart oppnemnd i januar 2017, for to år.

2. Vurderingar

Ettersom føremålet til fondet er å utvikle næringslivet i Sogn og Fjordane vil det vere ønskeleg at styret har god innsikt i næringslivet i Sogn og Fjordane, samtidig som ein kjerner godt til planar og arbeidet med næringsutvikling i regi av fylkeskommunen. Det vil derfor vere mest hensiktsmessig å velje eit styremedlem frå fylkeskommunen sin næringsadministrasjon. Dette vil også sikre ei god kopling mellom fondet sine investeringar og fylkeskommunen sin øvrige næringsinnsats. Med bakgrunn i dette legg vi til grunn at Jan Heggheim framleis vert fylkeskommunen sin representant i styret.

3. Konklusjon

Det vert lagt til grunn at Jan Heggheim held fram som fylkeskommunen sitt styremedlem i Sogn og Fjordane Fondet as.